



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# Kartlegging av heilskaplege kommunale ROS-analysar



# 1 Kommunale heilskaplege ROS-analysar

Dei heilskaplege ROS-analysane til kommunane i Møre og Romsdal er viktig kunnskapsgrunnlag i FylkesROS. Desse analysane er kartlagt og lagt til grunn for kva uønskte hendingar som bør inkluderast i FylkesROS. Fokuset i kartlegginga var å sjå på kva for hendingstypar kommunane inkluderer i sine analysar. Korleis kommunane har vald å gjennomføre ROS-analysane er mindre vektlagt i denne kartlegginga. Føremålet med å gå gjennom kommunane sine ROS-analysar er to-delt:

- Identifisere kva uønskte hendingar som oftast er inkludert, og som soleis er viktig å ta inn i FylkesROS;
- Identifisere om det finst risikoområde og hendingstypar som treng heving av kompetanse- og/eller kunnskapsnivå

Alle dei heilskaplege ROS-analysane til dei 26 kommunane i fylket er gjennomgått på eit overordna nivå. DSB sine risikokategoriar og hendingstypar (DSB sin rettleiar til kommunane<sup>1</sup>) er nytta som eit utgangspunkt for å kartlegge kva for uønskte hendingar som er inkludert hos kommunane. Når det gjeld hendingar under risikoområdet 'svikt i kritiske samfunnsfunksjonar' er det eit kriterium at hovudhendinga som er analysert er svikt i kritiske samfunnsfunksjonar. Det kan føre til at tala under denne kategorien er litt misvisande i og med at dei fleste kommunar analyserer svikt i kritiske samfunnsfunksjonar som ein følgjeeffekt og sekundærhendingar i andre scenario.

## Overordna statistikk

Som Tabell 1 syner er det om lag 800 ulike uønskte hendingar analysert totalt hos kommunane (ca. 30 scenario per kommune). Naturhendingar og store ulykker er kategoriane med fleste hendingar, med om lag ein tredjedel i kvar kategori. Totalt er 160 hendingar med svikt i samfunnsfunksjonar som hovudhending analysert, og 101 tilsikta hendingar er analysert.

Tabell 1 Talet på uønskte hendingar, fordelt på risikoområder, som er analysert av kommunane, i perioden 2015-2021.


Risikoområde	Talet på uønskte hendingar analysert
Naturhendingar	262
Store ulykker	263
Svikt i kritiske og viktige samfunnsfunksjonar	160
Tilsikta hendingar	101
Anna	13
<b>Totalt</b>	<b>799</b>

<sup>1</sup> DSB, 2014. Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen. <https://www.dsb.no/veiledere-handboker-og-informasjonsmaterieill/veileder-til-helhetlig-risiko--og-sarbarhetsanalyse-i-kommunen/>

## 2 Naturhendingar


Figur 1 og Figur 2 syner talet på uønskte hendingar analysert innanfor dei ulike underkategoriene. Skred er mest dominerande. Noko av grunnen til at talet på skredhendingar er sopass mykje høgare, kan vere fordi det er mange ulike skredtypar (og ofte er fleire skredtypar inkludert i eit scenario). Hendingstypane ekstremvêr, flaum og sjukdommar er om lag likt fordelt.

Under ekstremvêr er det det storm og orkan som er inkludert flest gongar. Nedbørsmangel/ekstrem tørke og ekstremnedbør er i mindre grad inkludert. Dette er hendingstypar som truleg vil oppstå oftare og med større intensitet som følgje av klimaendringane, og som kommunane i større grad bør ta omsyn til i sine heilskaplege ROS-analysar. Her er det verdt å merke seg at mange kommunar har inkludert ekstrem nedbør i sine flaumscenario. 20 av 26 kommunar har inkludert eit flaumscenario i sine analysar i ein eller anna form. 18 av 26 kommunar har inkludert skogbrann i ROS-analysen. 22 av 26 har inkludert scenario/hendinganalyse knytt til smittsame sjukdomar, der alle av desse 22 kommunane har inkludert eit pandemi- eller epidemiscenario.




Figur 1 Talet naturhendingar som analyser innanfor kvar underkategori


Innafor hendingstypen skred er stein- og jordskred inkludert av flest kommunar (18 av 26), deretter snøskred (15), fjellskred (13) og flodbølge som følgje av fjellskred (12), som vist i Figur 3. 12 av 26 kommunar har inkludert kvikkleireskred. Faren for kvikkleireskred er relativt lite kartlagd i fylket, og det har vore få hendingar knytt til denne faren. Fleire kommunar vere utsett for denne faren utan at dei er klar over det sjølve.



Figur 2 Talet på kommunar som har inkludert analysar av ulike naturhendingar, fordelt på underkategoriar.




Figur 3 Talet på kommunar som har inkludert analysar av ulike skredhendingar, fordelt på hendingstypar




Figur 4 Talet på kommunar som har inkludert analysar av ulike sjukdomshendingar, fordelt på hendingstypar

### 3 Store ulykker

Innafor risikoområdet 'store ulykker' er det hendingar innanfor næringsverksemd og industri som er dominerande (79 hendingar), jf. Figur 5. Ulykker på veg og sjø er om lag like store (38 og 40 hendingar). Totalt er det gjort 21 analysar av atomhendingar, fordelt på 14 av 26 kommunar. Det er få hendingar innanfor eksplosjon og brann, men det gjev ikkje eit godt bilete då denne type hendingar er inkludert i mange av analysane under 'næringsverksemd/industri', som Figur 6 illustrerer. Figur 6 syner at 17 av 26 kommunar har tatt akutt forureining inn i sine analysar, i tillegg til at utslepp av farleg stoff og gass er inkludert av ein del av kommunane. Ein kommune har inkludert offshorehendingar i sin analyse.




Figur 5 Talet på store ulukker som er analysert innanfor kvar underkategori



Figur 6 Talet på kommunar som har analysert ulike store ulukker knytt til næringsverksemd og industri, fordelt på hendingstypar

## 4 Svik i kritiske og viktige samfunnsfunksjonar




Figur 7 Talet på kommunar som har analysert hendingar med svikt i dei ulike kritiske samfunnsfunksjonane

Som Figur 7 illustrerer har dei fleste kommunar inkludert svikt i EKOM, kraftforsyning og vatn og avløp i sine analyser. Relativt få kommunar (5) har sett på forsynstryggleik (mat, medisin og drivstoff), men fleire kommunar har inkludert dette i andre scenario, som t.d. pandemi. 15 kommunar har sett på svikt i IKT-system i ein eller anna form. Seks kommunar har direkte sett på eiga evne til styring og kriseleiing i heilskaplege ROS-analysar, noko som er eit lågt tal. Transport er inkludert i analysen til over halvparten av kommunane. Av dei resterande kommunane er transport i stor grad dekt opp gjennom scenarioanalysar under store ulykker.

### 4.1.1 Tilsikta hendingar

Det fleste kommunane har inkludert terror, valdeleg ekstremisme/radikalisering, skuleskyting, PLIVO-hending eller liknande i sine analyser. Berre seks kommunar har derimot sett på digitale angrep. Ingen kommunar har direkte analysert hybride hendingar og tryggleikspolitiske scenario.



Figur 8 Talet på tilsikta hendingar som er analysert, fordelt på underkategori



**STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL**

Postboks 2025, 6404 Molde - [sfmrpost@statsforvalteren.no](mailto:sfmrpost@statsforvalteren.no) - [www.statsforvalteren.no/mr](http://www.statsforvalteren.no/mr)

